

2022/11128

Innspel 10.09.2023 som gjeld Fjord kommune/ den delen av nemnde verneområde som ligg i Fjord kommune:

- For den delen av forvaltningsområdet for jerv i Møre og Romsdal som er innanfor Herdalen/Geiranger landskapsvern-/verdsarvområde og Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde, er verneverdiane blant anna kulturlandskap. For fyrstnemnde framgår det av forvaltningsplanen at det er ynskjeleg å «oppretthalde og helst auke tradisjonell drift (i hovudsak beiting) inne i verneområdet». Slik rovdyrforvaltninga er no, er det *for* store ulemper for beitebrukarane. Trenden er at fleire og fleire i praksis vert pressa til å leggja ned drift med beitebruk i forvaltningsområda for rovdyr. Dersom dette vert tilfelle i nemnde område, vil det gå på bekostning av verneverdiane nemnde over. Nemnde areal bør difor takast ut av forvaltningsområde for jerv, og vera reine beiteprioriterte areal. Om dette ikkje vert gjort, er det forventa eit svar på kva som er planen for korleis verdiane skal ivaretakast dersom beitebruken opphøyrer, samt korleis ein skal unngå tap av det biologiske mangfaldet som er eit resultat av fleire hundre års husdyrbeiting. Nibio er i ferd med å gjennomføra ei beitekartlegging, som mellom anna vil kunna seia noko om det biologiske mangfaldet. Dersom områda framleis skal vera i forvaltningsområdet for jerv, er det forventa at det føreligg ei vurdering/sannsynleggjering av at rovdyrforvaltninga ikkje fører til netto tap av naturmangfald dersom husdyrbeitinga opphøyrer.
- Den delen av forvaltningsområdet for jerv som er i Reinheimen Nasjonalpark er nær eksempelvis landskapsvernområdet og beiteområdet i til dømes Steindalen. Døme på tiltak for å redusera tap av sau til rovdyr er tidlegsanking. Dette kan verta støtta økonomisk, men det kan likevel vera problematisk når det ikkje dekker ekstrakostnad for innkjøp av fôr, eller når gardbrukaren ikkje har eigna/tilstrekkeleg areal på innmark. Dersom *innmarka* óg er i forvaltningsområdet for jerv, slik den er nokon stader, er det ikkje sikkert at det er eit tilstrekkeleg tiltak å tidlegsanka. Det er ein stor provokasjon mot beitenæringa når innmarka, herunder dyrka mark, driftsbygningar og tun er i forvaltningsområdet. I tillegg til landskapsvernområdet som nemnt i punktet over, bør området mellom riksveg 63 mellom Valldal og Åndalsnes òg takast ut av forvaltningsområdet.
- På det arealet som til slutt hamnar i eit eventuelt forvaltningsområde for rovdyr, er det forventa at det frå rovviltforvaltninga si side føreligg ein plan og ei berekning på kva rovdyra skal livnæra seg på, at dette i hovudsak er vilt, ikkje husdyr, og at viltbestandane er tilstrekkelege til å dekkja behovet. Når Stortinget fjernar forskrift om tilskot til omlegging, er det eit signal om at dei ynskjer rovvilt og beitedyr i sameområdet. Det er då forventa at Staten/Statsforvaltaren/rovviltnemnda i region 6/miljødirektoratet følgjer opp med å føreslå tiltak som gjer det mogeleg å ha beitedyr der ein har beiterett, og at det likevel er innanfor dyrevelferdsregelverket og den standarden som Mattilsynet set. Jaktinteressene må óg ivaretakast.
- Det er forventa at dersom rovviltpolitikken som skal gjennomførast gjer at det ikkje let seg gjera å nytta seg av beiteretten og jaktretten som grunneigarane har, skal det betalast økonomisk kompensasjon der ein ikkje berre tek omsyn til den reine økonomiske verdien, men óg tek høgde for verdien i form av livskvaliteten som

følgjer av jakt og det å kunna driva landbruk og matproduksjon ved å utnytte naturressursane på eigen eigedom på ein måte som det har vore gjort i generasjonar.